BUSKERUD
FYLKESKOMMUNE
Kulturavdelingen

[redacted] 

| Vår saksbehandler | Vår dato | Vår referanse |
| --- | --- | --- |
| Lars Groseth, tlf 32808593 | 22.06.2000 | 99/01559-32 650.813. |
| | Deres dato | Deres referanse |
| | 05.01.2000 | |

Ål kommune
v/ Næring/Landbruksavdelinga
Postboks 14
3571 ÅL

ARKIV

UNIVERSITETETS KULTURHISTORISKE MUSEER
Universitetet i Oslo
Saksb. JMA 26 SEPT. 2000 Kopi
Ark.: 0619-4
Saksnr. 00/1646 Dok.nr.: 1

**Kulturmineregistrering i forbindelse med søknad om bygging av Kjerringslettvegen, gbnr. 4/42, Ål kommune**

Synfaringa av Kjerringslettvegen vart gjennomført 08.06.2000 av arkeolog Lars Groseth saman med skogbrukssjef Vidar Jørdre og grunneigar Ola Svensgård.

Det vart funne 3 kolgroper. Dette er automatisk freda kulturminne, jmf. kulturminneloven §4b. Ei av kolgropene (R1, sjå kart) låg i den planlagde traseen. Ved synfaringa vart vart vi einige om å flytte traseen slik at den kjem 5 meter frå synlig ytterkant av kolgropa. Dei to andre kolgropene ligg samla utanfor traseen (R2, sjå kartet).

Eit eldre tråkk fra garden og oppover lia til utmarka vart også registrert. Grunneigar fortalde at dette var ein eldre veg til utmarka og beiteområda. Vegen hadde enkelte stader hulvegform, men vart likevel ikkje registrert som automatisk freda kulturminne. Dette kan likevel vere ein svært gammal veg, og vi ber om at det tas omsyn til denne ved bygginga av den nye vegen. Den nye vegen krysser den gamle vegen på 2 stader. På disse stadene bør inngrepa gjerast så små som mogleg. Til dømes bør ein unngå å ta løysmasser frå der den gamle vegen ligg.

Kjerringslettvegen har fått namnet etter ei lita flate i fjellsida kor den nye vegen endar. Denne flaten bar preg av å ha vore beita i tidlegare tider. Vi ber om at inngrepa også her blir så små som mogleg. Grunneigar meinte ved synfaringa at her var terrenget godt nok for traktorkøyring vinterstid slik det låg.

Vi ber om at våre merknader blir innlemma i ei godkjenning for vegen, og at dei tas til følgje ved vegbygginga.

Vi gjør merksam på at dersom det under anleggsarbeidet kjem fleire automatisk freda kulturminne til syne, må ein straks stanse arbeidet og varsle kulturavdelinga i Buskerud fylkeskommune, jf. kulturminneloven §8.2.

**Dei registrerte kulturminna:**

R1 – Kolgrop, klart markert voll. Nedgraving på 4x4 meter, djupde 0,4-0,8 meter. Mål ytterkant voll til ytterkant voll retning øst-vest er 9 meter, nord-sør 8 meter.

POST ADRESSERES TIL AVDELINGEN - IKKE TIL ENKELTPERSONER

| Postadresse | Besøksadresse | Telefon | Telefaks | Bankkonto |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| BUSKERUD FYLKESKOMMUNE | Hauges gate 89 | 32 80 85 00 | 32808672 | 2200.07.13523 |
| Fylkeshuset | E-postadresse | | | Foretaksregisteret |
| N-3020 Drammen | | | | NO 964 951 373 |

Vår dato
22.06.2000

Vår referanse
99/01559-32

R2 – 2 kolgroper. Nr. 1 ligg lengst øst. Denne er uklart markert, nedgravinga har en diameter på 2 meter, djupde 0,3 meter. 1 meter vest for denne ligg grop nr. 2 som har de same måla, men her kan ein sjå ein tydeleg voll i sørkant av gropa.

X1 – Vegfar. Vegen går rett opp lia med mykje morenemasse, retning N-NNV/S-SSØ. Vegen er rydda for stein. Enkelte stader er den inntil 0,8 meter djup og 1 meter brei i bånn.

Med hilsen

Åse Klundelien e f
fylkeskultursjef

Geir Helgen
fylkeskonservator

Lars Groseth
arkeolog

Kopi til:
Universitetet i Oslo UKM    Pb 6762 St. Olavs plass, 0164 OSLO




# ØKONOMISK KARTVERK

BUSKERUD FYLKE

Konstr. risset av: VIAK

Etter fotogrammer år: 1973, 74, 88, 89

Flyoppgave: 9760 Bilde: E 22-25

Utgitt av: FYLKESKARTKONTORET I BUSKERUD 1990

LIEN BR 063-5-3, ÅL/GOL

Δ Trekantpunkt NGO, annet
⊙ Polygonpunkt, fotogramm, grafisk best. punkt
F Fotogramm. numerisk koordinatbestemt
NP NF Presisjonsnivellement, vanlig niv.
• 223,5 Høgde på terrengpunkt
× 254,5 Kolle, med høgdeopplysning
Generell kurve, mellomkurve
25 Tellekurve
Forsenkningskurve
0 Nullkurve
Usikker kurve
233,5 Høgeste reg. v.st. i reg.vatn
234/224 Høgest beregn. flom v.stand., lågeste reg. v.st. i reg. vatn
63 Vatnhøgda fotogr. dagen i ureg.vatn
64,5|62 Høgeste og lågeste reg. vasstand i ureg.vatn

Riksgrense, fylkesgrense
Kommunegrense
Eiendomsgrense, vanlig, tettbebyg
Servituttgrense
Nr.123 Riksgrensemerke
Kors i fjell, bolt i fjell
Grensestein, grenserøys
Grensepåle,-rør, grensetre
75/9 59/20 Gardsnummer/bruksnummer
Torp A/S Eiendomskompleks
58/1F2 /22 Leietomt, små eiendommer
60/5s 59/1bs Bruksrett til skogen, barskogen
60/1,2ls /b /sl lauvskogen, beitet, slåtten
Markslagsgrense
Fulldyrka, overflatedyrka jord
Gjødsla beite, ...

Lauvskog, anna jorddekt
Blandingsskog
Grunnlendt mark, fjell i
Myr
A B Lettbrukt og mindre lett dyrka jord og dyrkingsjo
S H Særs høg, høg bonitet fo
M L Middels, låg bonitet for
V Dyrka myr, nøysom veg
Grunn, djup myr
Svakt omdanna torv
Sterk omdanna torv
Blokkrik, svært blokkrik
T Sjøldrenert dyrkingsjord
π Dyrkingsjord på tørr sanc